

RETNINGSLINJER FOR KOMMUNALT VILTFOND I VINDAFJORD KOMMUNE

Vedtatt av Vindafjord vilt- og fiskeutval 28.01.2014, sak 004/14

1. FØREMÅL OG FØRINGAR FOR FONDET

Føremålet med det kommunale viltfondet er å skape økonomisk bakgrunn for å fremje viltforvaltninga i kommunen.

Disponeringa av fondet er kommunen sitt ansvar og skal vere i tråd med *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort (2011)*.

Sentrale føringar, jf *Rundskriv om kommunal viltforvaltning*:

Ordninga skal komme viltet til gode, og sikre tilbakeføring til brukarane og jaktrettshavarane gjennom samfinansiering av prosjekt, tilskot til jaktrettshavarane sitt driftsplanarbeid, førebyggjande tiltak mot hjorteviltskader, opplæringsverksemd og andre lokale viltiltak.

Kommunen kan ikkje nytte fondsmiddel til å dekke faste administrasjonsutgifter. Dersom kommunen gjennomfører viltprosjekt i eigen regi, til dømes viltkartlegging, bestandsovervaking m.m., eller kjøper dataprogram og datatenester, kan likevel midlar frå fondet nyttast til å dekke kommunen sine kostnader.

Bruken av midla er ikkje avgrensa til hjortevilt.

2. INNTEKTER TIL FONDET

Den offentlege fellingsavgifta for hjort utgjør hovudinntektskjelda til det kommunale viltfondet. Kommunen fastset satsane for fellingsavgifta for hjort i sin ordinære budsjettprosess, innanfor dei øvre rammer som vert vedtatt kvart år i Statsbudsjettet.

Eventuelle inntekter frå omsetning av ulovleg felt vilt eller fallvilt av hjortevilt samt hjortevilt som vert felt etter løyve gitt med heimel i naturmangfaldlova § 18 (vilt som gjer skade), skal godskrivas til fondet.

3. TILSKOTSFØREMÅL

Fondet kan nyttast til:

- tiltak for å fremje viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering, m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen sjølv.
- å dekke kommunen sine utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
- tiltak for å førebygge skadar på landbruksnæring forårsaka av hjortevilt

Fondet kan ikkje nyttast til:

- kommunal administrasjon av viltforvaltninga (faste utgifter til løn, møtegodtgjersler, reiser, m.v.)
- å erstatte skadar forårsaka av vilt
- skotpremier

4. LOKAL PRIORITERING

Fondet skal nyttast til å dekke

- kommunen sine utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
- kommunen sin del ved interkommunalt samarbeid om viltforvaltning, herunder m.a. kontingent til Det interkommunale hjorteviltutvalet og styrking av sporhundsentralen og jaktoppsynet.
- utgifter i samband med vårteljing av hjort på innmark (kjøregodtgjersle, kopiering, porto o.a.)
- utgifter i samband med Sett Hjort og registrering av slaktevekt (kopiering, porto, innlegging av data i Hjorteviltregisteret, o.a.)
- utgifter til fagleg bistand i samband med bearbeiding og tolking av innsamla data.

Høg prioritet har

viltforskning, prosjekt, viltkartlegging i kommunen og anna viltkartlegging/
bestandsovervaking som kan auke kunnskapen om hjorteviltet generelt og den lokale hjortestamma spesielt, etablering av større forvaltningseiningar, utarbeiding av bestandsplanar samt kompetansehevande tiltak som fagseminar, studieringar, studieturar og kurs for jaktrettshavarar, jegerar og andre viltinteresserte grupper.

Organisasjonar har prioritet før enkeltpersonar.

Større grunneigarbaserte organisasjonar har prioritet før mindre og andre organisasjonar.

5. KRAV TIL SØKNAD

Søknad om tilskot frå viltfondet skal vere skriftleg og innehalde

- Informasjon om søkjar
- Omtale av føremålet/ prosjektet
- Kostnadsoverslag/ finansieringsplan

Tiltak som får tilskot frå kommunalt viltfond skal som hovudregel ikkje vere sett i gong og kan ikkje vere gjennomført eller nær gjennomført før søknad vert fremja.

6. HANDSAMING AV SØKNAD

Søknadar om tilskot frå det kommunale viltfondet skal sendast Vilt- og fiskeutvalet, som er fondsstyre for det kommunale viltfondet.

Søknadar vert handsama fortløpande.

Vilt- og fiskeutvalet kan setje vilkår knytt til tilskotet, t.d. krav om rapportering.

7. ANNA

Kommunen kan sjølv ta initiativ til og vedta bruk av fondet til eigna føremål i samsvar med offentleg lovverk og lokale retningslinjer.

Rådmannen har fullmakt til å vedta utbetalingar i samband med punkt 4, 1. ledd.